



FORTIDSMINNEFORENINGEN

The Society for the Preservation of Norwegian Ancient Monuments

lok. 41

Kultur- og kirkedep.	
Saksnr. 200800086	Dato 14.4.09
Kode Ki-212	Beh.

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Oslo, den 3. april 2009
J.nr.: 114/09

Deres ref.:
2008/00086 KIA POG

Svar til høring "På livets vei – Pilegrimsmotivet".

Fortidsminneforeningen har nokre kommentarar:

Kap 20 Reiseliv – innledning "Pilegrimssatsingen kan stimulere til økt lønnsomhet og verdiskapning for reiselivsnæringen i Norge"

Vidareutvikling av pilegrimsturisme er fornuftig og har potensial til å auka turisttrafikk til Noreg. Heimstaden til Olav den Heilage - Nordens helgenkonge ligg her. Noreg byr på fred og ro, mykje urørt natur og ekte reiselivsopplevingar og passer difor godt til pilegrimssegmentet. Utgangspunktet er veldig bra – det kan byggast vidare på det framifrå gode arbeid som ildsjeler i den norske pilegrimsbevegelsen til no har lagd ned .

Kap 20.3 Religiøs turisme

World Tourist Organisation meiner at religiøs turisme er den fortast veksande form for turisme i dag. 300 til 330 millionar menneskjer reiser årleg til dei mest kjente pilegrimsmål i verda. For verdskjente pilegrimsmål som Mekka, Medina, Jerusalem, Roma, Lourdes, Fatima er religiøs turisme utan tvil særst lønsam for reiselivet og anna næring. Når det gjeld Noreg som pilegrimsmål vil det ikkje bli store volum det dreier seg om. På grunn av at pilegrimsturistane skal vandre i naturen og mange stader på fjellet, kjem dei om sommaren og bidrar dermed ikkje til sesongutviding. Dei fleste pilegrimar søkjer ein enkel livsstil – også på ferien. Reiselivssatsing på pilegrimsturisme i Noreg bør stå i forhold til det ein rimeleg kan forventa. Utifrå dette ligg tilrådingar i utgreiinga på eit for høgt ambisjonsnivå.

Kap 23.2.11 Informasjon/marknadsføring

Det er alt svært mange nettsider med informasjon om pilegrimsreiser i Noreg i dag. Desse bør samordnast under Innovasjon Norges visitnorway portal.

Utgangspunkt må takast i at pilegrimsvandring i Noreg er nytt og ukjent ute i verda. Arbeid mot presse i form av pressemeldingar og presseturar må få høg prioritet, og omtale må òg kome på plass på religiøse portalar i andre land. Det er også særskild viktig å søke samarbeid med aktørar som Fortidsminneforeningen, DNT, og lokale og regionale reiselivsorganisasjonar.

Som døme på samarbeid med Fortidsminneforeningen kan ein sjå på Pilegrimsled Valdresvegen som går frå Hedalen stavkyrkje til St Thomaskyrkja på Filefjell. Det vil vere gunstig å inkludere Borgund stavkyrkje i Lærdal i marknadsføringa av Valdresvegen – og omvendt. Pilegrimsturisten som har tenkt å gå deler av strekninga kan like godt starte vandringa ved Borgund. Han har truleg interesse for stavkyrkjer og har kanskje også kjennskap til Borgund stavkyrkje – noko som gjer at han kan ha eller vil få eit tilleggsmotiv til å ta turen. Det er ikkje berre målet som er viktig – like viktig er starten, og opplevingane under ferda! Borgund og dei andre stavkyrkjene ved Sognefjorden tek årleg imot om lag 100.000 gjester. Mange av dei som besøker stavkyrkjene kan vera mogelege pilegrimsturarar.

På Borgund er det eit besøkssenter ved kyrkja med utstilling om dei norske stavkyrkjene. Her kan det lagast fast plass til ei utstilling om pilegrimsvegen i Valdres til St. Thomaskyrkja og andre kyrkjer der. Det vil og vera naturleg å ha informasjon om dette på nettsida til Fortidsminneforeningen.

DNT er ein anna aktør som bør vere ein viktig og sjølvstendig samarbeidspart. Fotturisme til Noreg er i sterk vekst og fotturisten og pilegrimsvandraren har delvis same interesse. Ei rekkje stader vil dei vandre på same vegar og vandring og åndeleg fellesskap ut i naturen er ei særskild viktig del av pilegrimsopplevinga. DNT har god omdømme både i Noreg og utlandet. Pilegrimsprosjektet vil kunne få mykje god drahjelp frå DNT både når det gjeld produktutvikling og marknadsføring og bør nytte seg av det.

23.2.5 Regionale pilegrimssenter og pilegrimsprester

Det bør etablerast nasjonalt pilegrimssenter og pilegrimspreststilling i Trondheim. Å etablere åtte regionale senter og åtte pilegrimspreststillingar er ein alt for stor satsing til eit - i alle fall førebels - smalt produkt som dette. Satsing på mange regionale senter står truleg ikkje i forhold til det ein kan venta av besøk og vil ikkje kunne bære seg økonomisk etter at prosjektperioden er ferdig. Kampen om turistane er hard og alt for mange besøkssentra går med underskot og slit med å få nok gjester. I staden for regionale pilegrimssentra kan ein heller vurdere å lage utstillingar av høg kvalitet om pilegrimsvegar som kan stillast ut i fjellhytter, kyrkjer, ungdomsherberger, turistkontor, vegopne kyrkjer, innfallsportar i Noreg (flyplassar og utanlandsferjer) og musea som ligg på - eller i nærleiken av pilegrimsvegar. Dette vil gjere satsinga synleg for mange.

23.3 Budsjett og tidsplan

I staden for ein tre års prosjektperiode med eit stort årleg budsjett vil det vera meir fornuftig å spreie midlane over fleire år. Å få auka volum dvs fleire pilegrimer er ein forutsetning til økonomisk bærekraft og det vil ta tid. Å bygge opp produktet og marknadsføringa slik at ein kan oppnå varig vekst i religiøs turisme til Noreg er ikkje

gjort på tre år. Det vil vera uheldig å bruke mykje pengar i ein kort periode – for så å slutte midt i oppbygginga.

Framlegget til budsjett manglar elles midlar til transport. Pilegrimer bruk ofte offentlege kommunikasjonsmiddel og treng ofte transport frå og til startpunkt, nokon vil òg etterspørje bagasjesending mellom overnattingsstader. Sidan det er små volum det er snakk om her, bør det vurderast å gje tilskot til utvalde overnattingsstader på pilegrimsvegane slik at dei kan ta seg av det. Det er mange stader dårleg offentlig transport til stader som ligg langs pilegrimsvegar, og dette problemet vil truleg auke.

*

Pilegrimsvandring er god tenking reiselivsmessig. Satsinga må stå i forhold til det ein kan forventa. Samarbeid er nøkkelen. Me vil gjerne bidra med vår kunnskap.

Med helsing
FORTIDSMINNEFORENINGEN



Elisabeth Seip
generalsekretær

Tanna Gjeraker
dagleg leiar
Borgund stavkyrkje og besøkssenter